

LIKE BRA SOM EI KU

TEKST OG ILLUSTRASJON: Anna R. Folkestad

Gymlæraren deler ut hoppetau.
Eitt hoppetau til kvar.



– Klar, ferdig, hopp! roper gymlæraren.

Klassen byrjar å hoppe hoppetau.
Odin hoppar dobbelhopp.
Sari hoppar bakover.
Ingrid hoppar framover og sidelengs.

Ada står heilt stille.
Ho kan ikkje hoppe hoppetau.
– Hopp! roper gymlæraren.

Ada prøver å hoppe.
Ho hoppar og snurrar på tauet samtidig.
Hoppetauet treffer Ada i leggen igjen og igjen.
Det gjer vondt.
Ada snublar og surrar seg inn i hoppetauet.
– Ada hoppar hoppetau like bra som ei ku! roper Stine.
Klassen byrjar å le.
Gymlæraren klappar i hendene slik at klassen vert stille.
– I morgon vert det hoppe-hoppetau-konkurransen. Alle mot alle! roper han.

På vegen heim dreg Ada hoppetauet etter seg.
– Filletau! seier ho, og kastar det over gjerdet.
Ada pressar ut to host.
Kanskje ho kan verte forkjølt til i morgon?
Ho tek av seg jakka og puttar ho i sekken.



– Kan eg låne hoppetauet litt? seier nokon.
Ada snur seg.
Det er ingen der.
Berre ei ku som står og et gras.

Ada ser seg rundt.
– Sa du noko? spør ho kua.
Kua nikkar.
– Eg lurar på om eg kan låne hoppetauet,
seier kua.
– Kan du hoppe hoppetau? spør Ada.
– Ja visst! seier kua.

Så hoppar kua hoppetau.
Det er den mest fantastiske hoppetau-
hoppinga Ada nokon gong har sett.
Kua får det til å sjå enkelt ut.
– Kan du lære meg å hoppe hoppetau? spør Ada.
– Sjølv sagt! svarer kua.

Ada lærer framoverhopp, bakoverhopp,
sidelengshopp, nedoverhopp og oppoverhopp.
Ho lærer dobbelhopp, trippelhopp
og hopp med salto.
Til slutt kan Ada alt saman.

– Tusen takk! seier Ada.
– Berre hyggeleg, seier kua.

Ada vil ikkje vere forkjølt i morgon likevel.
Ho tek på seg jakka og hoppar hoppetau heile vegen heim.

I morgon skal Ada hoppe hoppetau.
Like bra som ei ku.

